



Midt-Telemark

kommune

Planomtale

Høringsforslag

Samfunnsdelen av kommuneplanen for
Midt-Telemark kommune 2019-2031

Interkommunal kommuneplan for Bø og Sauherad kommunar

Innhald

| | | |
|-----|--|----|
| 1 | Bakgrunn | 3 |
| 1.1 | Formål med planen | 3 |
| 1.2 | Intensjonsavtala for ny kommune Bø og Sauherad | 3 |
| 1.3 | Gjeldande kommuneplanar | 3 |
| 2 | Organisering og prosess | 4 |
| 2.1 | Politisk og administrativ organisering | 4 |
| 2.2 | Varsel om oppstart og høyring av planprogram | 4 |
| 2.3 | Medverknad | 4 |
| 3 | Nasjonale og regionale føringar | 5 |
| 4 | Langsiktige utfordringar | 5 |
| 4.1 | Befolkningsutvikling, arbeidsplassutvikling og bustadbehov | 5 |
| 4.2 | Levekår, folkehelse og tenesteproduksjon | 6 |
| 4.3 | Klimatilpassing og klimagassutslepp | 7 |
| 4.4 | Kommunesamanslåing | 8 |
| 5 | Planforslag | 8 |
| 5.1 | Visjon | 8 |
| 5.2 | Mål og strategiar | 8 |
| 5.3 | Arealstrategi | 9 |
| 6 | Innkomne innspel | 10 |
| 6.1 | Innspel ved varsel om oppstart | 10 |
| 6.2 | Innspel undervegs | 10 |
| | Vedlegg: | 11 |

1 Bakgrunn

1.1 Formål med planen

Formålet med planarbeidet er å få eit felles overordna styringsdokument for dagens Sauherad og Bø kommunar, som dannar eit heilskapleg og solid fundament for ein langsiktig og bærekraftig samfunnsutvikling i nye Midt-Telemark kommune. Planen skal vere politisk og administrativt styringsverktøy med overordna mål og strategiar som gir klare prioriteringar og gjer kommunen pårekeleg i dialog med omverden. Planen omfattar både Midt-Telemark kommune som lokalsamfunn og som kommuneorganisasjon og har ein arealstrategi som dannar grunnlag for utarbeiding av arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune. Gjennom medverknad i planprosessen har ein søkt å oppnå eigarskap til bygging og utvikling av ny kommune hjå innbyggjarar, politikarar og administrasjon.

Planlegging etter plan- og bygningslova skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vere meir omfattande enn naudsynt. Det langsiktige perspektivet skal bygge opp under ein berekraftig utvikling til beste for den enkelte innbyggjar, samfunnet og framtidige generasjonar. All sektorplanlegging i kommunen skal vere forankra i kommuneplanens samfunnsdel. Samfunnsdelen er ein viktig arena for samordning mellom den enkelte sektors utfordringar og prioriteringar og den samla utviklinga i kommunen.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp dei fire påfølgande åra. Denne skal reviderast årleg. For Midt-Telemark kommune skal økonomiplanen etter kommunelova inngå i den fireårige handlingsdelen frå og med 2020, det første året med felles budsjett for ny kommune.

Kommunegrensa mellom Notodden kommune og nye Midt-Telemark kommune vil bli flytt slik at grunnkretsane Hjuksebø og Angard inngår i Notodden kommunen f.o.m. 1.1.20.

1.2 Intensjonsavtale for ny kommune Bø og Sauherad

Sauherad og Bø kommunar inngikk i mai 2016 [intensjonsavtale](#) for samanslåing av kommunane. I avtala legg kommunane følgjande visjonen «Vi skapar framtida saman» til grunn for bygging av den nye kommunen. Denne visjonen er vidareført i samfunnsdelen for Midt-Telemark kommune, og satsingane i avtale ligg til grunn for satsingsområde, mål og strategiar i planen.

Visjonen som for den nye kommunen går det fram kva for visjon og mål kommunestyra har for den nye kommunen og kva for gevinstar ein ser for seg at vil bli realisert ved ei kommunesamanslåing.

1.3 Gjeldande kommuneplanar

Gjeldande samfunnsdel av kommuneplan for [Bø](#) 2013-2025 vart vedtatt 16.12.13 og samfunnsdelen for [Sauherad](#) 2014-2025 vart vedtatt 11.12.14.

2 Organisering og prosess

2.1 Politisk og administrativ organisering

Dei to kommunestyra gjer endelege vedtak for samfunnsdelen, men har delegert til fellesnemnda for ny kommune å vere planutval og drive planprosessen fram til endeleg vedtak. Fellesnemnda har ansvar for politiske avklaringar i prosessen. Kommunestyret er oppdragsgjevar for planarbeidet, og fellesnemnda er prosjekteigar. Ordførarane i Bø og Sauherad utgjer politisk referansegruppe.

Rådmannen har vore prosjektansvarleg for planarbeidet, og prosjektleiar for samfunnsutvikling i ny kommune har vore prosjektleiar. Ein tverrfagleg administrativ prosjektgruppa har utarbeida planforslaget med rådmannen si leiargruppe som administrativ styringsgruppe.

2.2 Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Fellesnemnda vedtok 19.1.18 å varsle oppstart av planarbeidet og sende forslag til planprogram på høyring. Planprogrammet var på høyring frå 19.1.18-7.3.18, og [endeleg planprogram](#) vart fastsett av fellesnemnda 16.3.18. Planarbeidet vart drøfta i regionalt planforum 14.2.18, dvs. medan planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn.

2.3 Medverknad

Eksterne referansegrupper

Eksterne miljø har vore invitert inn i planarbeidet gjennom tre referansegrupper: Næring, frivillig sektor og grendelag/velforeiningar. Det har vore gjennomført eit møte i tidleg planfase og eit møte med drøfting av utkast til plan i alle tre referansegruppene, sjå referat i vedlegg 2. Ordførarane har leia møta.

Ungdomsråd

Det har blitt gjennomført fotokonkurransse for ungdom med temaet «Mitt Midt-Telemark» som del av planarbeidet. Fotokonkurransen vil bli avslutta med ei utstilling på nyåret. Ungdomsråda har vore involvert i å få fram kunnskap om korleis det er å vekse opp i Midt-Telemark.

Politisk medverknad

Sidan arbeidet med samfunnsdelen er delegert til fellesnemnd for ny kommune, har det vore viktig å involvere politikarar frå både kommunar i planarbeidet. Det har blitt gjennomført tre workshops med både kommunestyra (to ved oppstart av planarbeidet og eit der utkast til plan vart drøfta), sjå vedlegg 7. Alle politiske hovudutval har hatt fellesmøte Sauherad/Bø med samfunnsdelen som tema to gongar kvar i løpet av planprosessen. Eldreråd og råd for funksjonshemma har vore invitert med i felles hovudutvalsmøte.

Opne møte, stands m.m.

I april 2018 arrangerte prosjektgruppa tre opne møter i løpet av ei veke. Tema for møta var bustadpolitikk, oppvekst og arealstrategiar. Prosjektgruppa har vore synleg på arrangement som torgdag på Bø torg og Norsk eplefest på Gvarv. Sjå vedlagt innspelsdokument (vedlegg 1) med oppsummering av innspel frå arrangementa.

Administrativ involvering

Rådmannen si leiargruppe har som styringsgruppe vore tett på planprosessen og har involvert sine leiingar. Planarbeidet har vore drøfta i to møte med hovudtilitsvalde og verneombod.

3 Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2015) fokuserer på tre hovudområde:

- Gode og effektive planprosessar: Planforslag og vedtak skal baserast på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og ivareta nasjonale og viktige regionale interesser. Tidleg medverknad og involvering av allmennheten, styresmakter, partar og organisasjonar må sikrast. Kommunane bør bruke regionalt planforum aktivt for tidleg avklaring av interesser og konflikhtar. Det skal leggest til rette for enkel tilgang til digitalt planregister og bruk av verktøy for digital plandialog.
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling: Reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og -effektivisering skal vektleggast gjennom planlegging og lokalisering av næring, bustad, infrastruktur og tenester. Klimaendringar, risiko og sårbarhet må takast omsyn til gjennom samfunns- og arealplanlegging og byggesaksbehandling. Naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og -miljø må identifiserast og ivaretakast i planar. Det forventast samarbeid om berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet. Jordbruksjord må sikrast, og det må leggest til rette for nye og grønne næringar. Utvinning av mineralressursar må vegast mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstader: Kommunane skal, saman med fylkeskommunen, fastsette regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet, m.a. knutepunkt for kollektivtrafikken. Det må leggest til rette for variert og nok bustadbygging og sikrast høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, med tilrettelegging for auka sykkel og gange. Kommunane skal legge til rette for effektive planprosessar og rask behandling av planar for samferdsel. Gjennom aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk skal det skapast levande bymiljø med bustad, arbeidsplassar, service og møteplassar. Helsefremmande bumiljø, tilrettelagt for fysisk aktivitet og nærfriluftsliv, skal bidra til trivsel for alle.

Nyleg vedtatt statlig planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing konkretiserer nasjonale føringar innanfor desse områda.

Dei viktigaste regionale føringane for samfunnsdelen ligg i følgjande regionale planar:

- Oppvekst og kompetanse
- Areal og transport for Telemark
- Nyskaping og næringsliv
- Reiseliv og opplevingar
- Folkehelse

Regional plan for klima vart lagt ut til offentleg ettersyn i sluttfasen av dette planarbeidet og er p.t. ikkje vedtatt.

4 Langsiktige utfordringar

Kunnskap om utfordringar og prognosar innanfor ulike område er samla i eit oversiktsdokument (vedlegg 3). Nedanfor er hovudtrekk oppsummert.

4.1 Befolkningsutvikling, arbeidsplassutvikling og bustadbehov

Sauherad og Bø kommunar har hatt ulik demografisk utvikling. Bø har opplevd sterk befolkningsvekst over lang tid, saman med vekst i arbeidsplassar, både innanfor offentleg og privat sektor. Veksten har i all hovudsak skjedd i tilknytning til Bø sentrum. I Sauherad generelt har både folketalet og tal på

arbeidsplassar vore relativt stabilt, men Gvarv og til dels Hørte har opplevd auke i befolkninga. Prognosane for Midt-Telemark kommune tilseier fortsatt befolkningsvekst, og planen bygger opp under dette. Arbeidsplassveksten i næringslivet for Midt-Telemark kommune har vore lågare enn resten av landet sidan 2000, men vekst i offentlege arbeidsplassar har vore lik som elles i landet. Dei nyaste tala for arbeidsplassutvikling viser derimot god vekst i arbeidsplassar i næringslivet i både Sauherad og Bø, og i 2017 var Midt-Telemarkregionen den regionen i landet med høgast næringsattraktivitet. Scenariora for arbeidsplassutvikling er usikre, og framtidig næringsattraktivitet vil vere avgjerande.

Universitetet i Sørøst-Norge er ein viktig motor for utviklinga i området, og i dag er det om lag 2800 studentar ved Campus Bø, som ligg i Bø sentrum. Handelen i Midt-Telemark er i all hovudsak konsentrert til Bø sentrum, som med stoppestad på Sørlandsbanen, urbane kvalitetar og eit rikt kulturliv bidrar til attraktiviteten i området. Reiselivet er ei viktig næring i Midt-Telemark, der Bø Sommarland med 200 000 besøkande i løpet av sommarmånadene gir store ringverknader. Midt-Telemark har ei innovativ landbruksnæring som har markert seg tydeleg særleg innanfor fruktproduksjon, og vil vere den største jordbrukskommunen i Telemark.

Ifølgje Husbanken vil det vere behov for om lag 135 nye bustader i Bø og 40 nye bustader i Sauherad dei neste 10 åra. I Bø vil det vere eit stort behov for bustader til unge vaksne dei neste 5 åra, og elles eit jamt behov for bustader for gruppa 75+ i 10-årsperioden. I Sauherad vil behov for nye bustader i hovudsak vere i gruppa 75+, som vil ha behov for i underkant av 15 nye bustader årleg. Dette betyr at i Sauheraddelen av ny kommune vil det vere behov for mindre bustader tett på tenestene.

4.2 Levekår, folkehelse og tenesteproduksjon

Midt-Telemark har levekårsutfordringar knytt til at fleire barn veks opp i låginntektsfamilier her enn elles i landet og utfordringane knytt til aukande grad av sosial ulikheit er mange. Tiltak for å utjamne og motverke sosiale skilnader vil vere viktig for å redusere dei negative konsekvensane av mange av levekårsutfordringane. Auke i psykiske lidningar hjå unge og utfordringar knytt til einsemd gir behov for utvikling av tenestetilbodet innanfor helse og tverrfagleg arbeid med folkehelse og samfunnsutvikling. Desse utfordringane betyr også eit større behov for fysiske møteplassar, levande sentra og tilgang til nærfriluftsområde.

Andelen innbyggjarar over 67 år vil auke betydeleg i planperioden. Dette betyr auka press på pleie- og omsorgstenestene.

Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor som er vesentleg for utvikling av gode oppvekstvilkår og ein attraktiv stad å bu og leve. Dei to kommunane har behov for ein felles strategi for framtidig samarbeid med frivillig sektor. Levekårsutfordringar, folkehelsestanden og resultat av Ungdataundersøkinga er nærmare utdjupa i vedlagte kunnskapsgrunnlag.

Status for teknisk infrastruktur viser at det er eit betydeleg etterslep på vedlikehald av kommunale vegar i Sauherad, og også eit stort vedlikehaldsbehov i Bø. Det er behov for å få på plass krisevasskjelde i Sauherad. I ny kommune vil det vere fire avløpsreinseanlegg i Sauheraddelen, der tre er frå 70-talet og eitt er nytt, og eitt felles reinseanlegg for Bø frå 2016.

I løpet av planprosessen skulle det ha vore gjennomført ein innbyggjarundersøking for å kartlegge i kva grad innbyggjarane er nøgd med tenestetilbodet i kommunane. Gjennomføringa av undersøkinga vart forsinka, og resultatata er ikkje klare enno.

4.3 Klimatilpassing og klimagassutslepp

Jf. statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skal samfunnsdelen av kommuneplanen «*inkludere en overordna vurdering av om klimaendringer vil påvirke langsiktige utfordringer, mål og strategier. Vurderingen skal skille mellom forhold av betydning for arbeidet med kommuneplanens arealdel, og forhold av betydning for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon*». Vedlagte kunnskapsgrunnlag viser prognoser for klimaendringar i Telemark og flaumsonekart for Bøelva. Saman med anna eksisterande kunnskap om naturfarer, er dette grunnlag for å vurdere konsekvensar for Midt-Telemark kommune.

Planen har eit mål om god beredskap for å førebygge og handtere klimaendringar, m.a. ved å integrere omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging. Prognosane for klimaendringar tilseier at større område vil vere utsett for flaum og dermed ikkje eigna for utbygging, og sidevassdrag og mindre bekker kan få rask auke i vassføring. Ved utarbeiding av arealdelen for Midt-Telemark kommune, betyr dette at evt. ubebygde flaumutsette utbyggingsområde i gjeldande arealdelar må revurderast og at det må vurderast om dagens krav til dokumentasjon av sikkerheit mot flaum langs sidevassdrag er tilstrekkeleg. Store delar av Midt-Telemark kommune ligg under marin grense, og i arbeidet med ny arealdel må det vurderast om dagens krav til dokumentasjon av stabilitet i høve til kvikkleireskred er tilstrekkeleg. P.g.a. auka fare for skred i bratt terreng, må ein også vurdere både avgrensing av utbyggingsområde og krav til dokumentasjon av sikkerheit mot jord-, flaum- og snøskred. Blågrøne strukturar må sikrast i arealplanar for å handtere ekstremnedbør, dette ligg som strategi i planen. Ein må også vurdere behovet for om det er behov for strengare krav til dokumentasjon på overvannshandtering ved utarbeiding av reguleringsplanar.

Planen har som mål at Midt-Telemark skal vere eit attraktivt reisemål. Betydelege reduksjonar i snømengder i midt-fylket, 1-4 mnd kortare vintersesong og auka fare for våtsnøskred og sørpeskred i bratt terreng på sikt få konsekvensar for Lifjell som vinterdestinasjon og for vinterfriluftslivet. Prognosane tilseier ikkje auka nedbør om sommaren. Planen har vidare mål om ei innovativ landbruksnæring som aukar verdiskapinga. Klimaprognosane tilseier lenger veksts sesong, men næringa vil møte nye utfordringar i form av tørke, flaum og styrtregn og skogbrannfaren vil auke. Tilpassing til klimaendringar vil krevje ei innovativ landbruksnæring med eit tatt samarbeid med kompetansmiljø i tråd med strategiane i planen.

For kommunen som organisasjon vil teknisk sektor møte utfordringar med handtering av overvatn med hyppigare episodar med kraftige regnskyll. Dette vil gje auka behov for vedlikehald av grøfter, stikkrenner, overvannsnett osv. Betydelege reduksjonar i snømengde vil gje redusert behov for brøyting på sikt. Auka skogbrannfare vil få konsekvensar for behovet for brannberedskap. Gjennomgang av rutinar ved behandling av bygge- og delesaker, særleg i uregulerte område, vil vere naudsynt for å sikre at kommunen har naudsynt dokumentasjon på sikkerheit mot naturfarer.

Sauherad og Bø kommune har starta arbeidet med interkommunal kommunedelplan for overordna ROS-analyse, der ein vil gå nærmare inn i vurderingane av konsekvensar av klimaendringar for samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur osv.

Hovudkjelda til klimagassutslepp frå Midt-Telemark er vegtrafikk, lette køyrety. Gjennom Bygdepakke Bø og Sauherad arbeider kommunane saman om å redusere lokal biltrafikk gjennom å fortette for å redusere transportbehovet og legge til rette for auka bruk av gange, sykkel og kollektiv. Gjennom planprosessen har dårleg kollektivtilbod i den delen av Sauherad som ikkje er knytt til rv 36 løfta fram som ei utfordring i arbeidet med å redusere lokal biltrafikk.

4.4 Kommunesamanslåing

Det første året av planperioden (2019) vil kommuneorganisasjonane i Bø og Sauherad stå ovanfor spanande og krevjande prosessar der to kommunar skal bli ein. Dei påfølgjande åra f.o.m. 2020 vil også bli prega av arbeidet med å bygge ein ny kommune med eit nytt kommunestyre, felles organisasjonskultur og felles planar.

Som det går fram av kunnskapsgrunnlaget, så er det i dag svært høg grad av tillit og stadidentitet i Bøsamfunnet. I Sauherad viser tillitskartlegging at det er svakare stadidentitet og optimisme, og noko lågare grad av tillit, men likevel ikkje dårlege resultat samanlikna med resten av landet. Ved etablering av nytt kommunestyre og ny kommuneorganisasjon vil det vere avgjerande at ein lykkast i å etablere høg grad av tillit mellom politikarar og administrasjon og mellom kommunen og næringsliv og innbyggjarar dersom ein skal nå ambisiøse mål i planen.

Innbyggjarar i dagens Bø og Sauherad kommune vil bli innbyggjarar i Midt-Telemark kommune. Det vil vere ein langsiktig utfordring å utvikle ein tilhøyrrighet til ny kommune hjå innbyggjarane.

5 Planforslag

5.1 Visjon

Visjonen for Midt-Telemark tar utgangspunkt i intensjonsavtala som blei vedtatt for samanslåing av Bø og Sauherad kommunar: Vi skapar framtida saman.

I planperioden skal dagens Bø og Sauherad kommunar skape noko nytt saman, ei felles framtid. Visjonen peiker på kva verdiar og praksisar som skal ligge til grunn for arbeidet i ny kommune. Midt-Telemark kommune skal vere ein kommune der VI på tvers av alder, kjønn, geografi SAMAN skal SKAPE ei FRAMTID for dei som lever og verkar her.

Planen er delt inn i fire satsingsområde der ein har vald å snu på visjonen:

1. SAMAN – Demokrati, identitet og samskaping i ny kommune
2. SKAPAR - Attraktivitet for verdiskaping, besøk og bustadbygging i ny kommune
3. VI – Livskvalitet og levekår i ny kommune
4. FRAMTIDA – Ein innovativ, smart og grøn ny kommune

Under kvart satsingsområde er det definert langsiktige mål for korleis Midt-Telemark kommune skal sjå ut i løpet av planperioden (slik vil vi ha det), og under kvart mål ligg det strategiar for korleis kommunen vil arbeide for å nå målet (slik gjer vi det).

5.2 Mål og strategiar

Måla i planen er formulert med utgangspunkt i intensjonsavtala, langsiktige utfordringar og innspel og drøftingar i medverknadsprosessane. Ikkje alle mål er målbare, men desse skal konkretiserast i tematiske kommunedelplanar innanfor hhv helse, oppvekst, teknisk og klima. Det er lagt vekt på å ha få, overordna mål og ein så kort og presis plan som mogleg. Ein vil ikkje finne igjen alle kommunale ansvarsområde i planen. Det er prioritert å ta inn mål for område der kommunen har eit handlingsrom.

5.3 Arealstrategi

Samfunnsdelen skal ta stilling til kva for langsiktige arealstrategiar som vil bidra til å nå dei måla Midt-Telemark kommune skal nå. Dette er gjort ved konkretisering av ein 10 punkts arealstrategi som koplar arealdelen til samfunnsdelen. Senterstruktur, strategiar for utvikling av attraktive tettstader og redusert transportbehov i tråd med målsettinga i dei to kommunane sitt felles prosjekt Bygdepakke Bø og Sauherad er tema i arealstrategien, i tillegg til strategiar for strandsona, høgfjellet, dyrka mark og kulturlandskapet.

For å få tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til utarbeiding av arealstrategiane, er det utarbeidd ein areal- og transportanalyse (Norconsult 2018) der konsekvensar av ulike arealstrategiar, m.a. senterstruktur og utbyggingsmønster, er vurdert. Vidare er det utarbeidd eit utkast til ein strandsoneutgreiing (Feste 2018).

Konsekvensar av tre alternative arealstrategiar, som inneber ulik grad av fortetting, er vurdert i areal- og transportanalyse frå Norconsult (2018). For alle alternativa ligg kravet i Regional plan for areal og transport i Telemark (ATP Telemark) om at minimum 70% av bustadbygging i løpet av ein fireårsperiode skal skje innanfor definerte tettstader til grunn. Følgjande alternativ er vurdert:

- Alt. 0: Vidareføring av senterstruktur i gjeldande kommuneplaner (70% av utbygging skal skje innanfor definerte tettstader (Bø, Gvarv, Akkerhaugen, Hørte, Nordagutu).
- Alt. 1: 70% av utbygging skjer innanfor Bø og Gvarv tettstader slik dei er definert i gjeldande kommuneplaner.
- Alt. 2: 70% av utbygging skjer innanfor Bø og Gvarv sentrum slik dei er definert i gjeldande kommuneplaner (sentrum er snevrare enn tettstadsområda).

Konsekvensar for sentrumsutvikling, transportbehov og klimagassutslepp vurdert for kvart alternativ, og det er drøfta i kva grad alternativa støtter opp om kommunane sine mål om befolkningsvekst og vern av dyrka og dyrkbar mark. Analyser konkluderer med at kommunane bør satse på ein arealstrategi mellom alt 1 og 2, der dagens tettstadgrense for Bø innsnevrast og at tettstadgrensa for Gvarv justerast slik at framtidig utbygging i større grad skjer i gangavstand til dei to sentra. Sjå vedlagte areal- og transportanalyse (vedlegg 4).

I planforslaget er alt 1 lagt inn som arealstrategi. Det vil sei at minimum 70% av bustadbygging i løpet av fire år skal skje innanfor gjeldande tettstadgrenser for Bø og Gvarv og 30% kan skje utanfor og i tilknytning til grendesentra. Bø er definert som regionsenter, Gvarv som lokalsenter og Akkerhaugen og Nordagutu som grendesenter, jf. senterdefinisjonar i ATP-Telemark. Ved utarbeiding av arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune, skal utbyggingsområde som ligg i gjeldande kommuneplanar, men som ikkje er regulert, revurderast på bakgrunn av arealstrategiane. Strategien konsentrerer framtidig utbygging til Bø og Gvarv, men er ikkje til hinder for ei moderat bustadbygging på Hørte, Akkerhaugen og Nordagutu. Arealstrategien legg ikkje opp til like stor grad av fortetting som tilrådd i areal- og transportanalyse, men legg likevel opp til ein strammare senterstruktur og prioritering av Gvarv framfor dei andre tettstadene i Sauherad.

På bakgrunn av Husbanken sine prognoser for bustadbygging, kan ein antyde omfanget av bustadbygging innanfor (70%) og utanfor (30%) tettstadene fram mot 2028 som i Figur 1. I figuren er Bø og Sauherad vist kvar for seg, men i utrekning av 70/30-fordelinga, vil Midt-Telemark kommune bli vurdert samla, dvs. at maks 70% utbygging av bustader skal skje innanfor Bø og Gvarv tettstader samla.

| | Nye bustader fram til 2028 | 70% | 30% |
|------------------|----------------------------|-----|-----|
| Bø kommune | 134 | 94 | 40 |
| Sauherad kommune | 38 | 26 | 11 |
| Totalt | 171 | 120 | 51 |

Figur 1 Fordeling av bustader etter 70/30-prinsippet basert på Husbanken sine prognoser for bustadbehov

I gjeldande arealdelar ligg det eit betydeleg tal ubebygde, regulerte tomter for f.o.f. einebustader innanfor tettstadsgrensene for hhv Bø, Gvarv, Hørte, Akkerhaugen og Nordagutu. I tillegg legg gjeldande reguleringsplanar til rette for betydeleg fortetting med leilegheiter i Bø sentrum, og det er og regulert leilegheiter i Gvarv sentrum. I Bø er det m.a. regulert over 300 bueiningar i Nordbøåsen innanfor tettstadgrensa, der trinn 3 nyleg vart regulert med 100 einebustader og 60 i konsentrerte felt, i tillegg til regulerte bueiningar m.a. på Oppheim i Breisås og Sandvin (under regulering). Det ligg også større uregulerte bustadområde innanfor tettstadgrensa på Klokkaråsen og Bergenåsen. I Sauherad ligg det totalt 200 regulerte tomter innanfor tettstadsgrensene til Gvarv, Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu, relativt likt fordelt mellom dei fire tettstadene. Bare innanfor tettstadgrensa for Gvarv ligg det 50 regulerte og 60 uregulerte ubebygde tomter. Totalt ligg det uregulert areal til om lag 350 tomter innanfor tettstadene i kommuneplanens arealdel for Sauherad. Bustadbehovet jf. Husbanken sine prognoser er difor ivaretatt med utbyggingsområde som allereie ligg inne i arealdelane.

6 Innkomne innspel

6.1 Innspel ved varsel om oppstart

Det kom inn 6 skriftlege innspel ved varsel om oppstart og høyring av planprogram:

- Fylkesmannen i Telemark
- Telemark fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Midt-Telemark næringsutvikling
- Miljøpartiet de Grønne Midt-Telemark
- Bø idrettsråd

Innspela følgjer i vedlegg 5 og er oppsummert og kommentert i saksomtala til 1.gongsbehandling av planforslaget i fellesnemnda.

6.2 Innspel undervegs

Gjennom omfattande medverknadsprosessar har det kome mange innspel til planarbeidet. Innspel som har kome i opne møte, referansegruppemøte, folkevaltprogram osv. er samla i vedlegg 1, 2 og 7. Skriftlege innspel som har kome etter at frist for innspel var ute, er samla i eige vedlegg, nr 6.

Vedlegg:

1. [Innspelsdokument frå folkemøte, ungdomsråd og torgdag](#)
2. Referat frå referansegruppemøter vår og haust 2018
3. Kunnskapsgrunnlag – oversiktsdokument
4. Areal- og transportanalyse (Norconsult 2018)
5. Innspel ved varsel om oppstart
6. Skriftlege innspel seinare i prosessen
7. Innspel frå folkevaltprogram for kommunestyra i Sauherad og Bø